



Edgar Jon Vågenes  
Langheiane 41  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19327 - 21/8304

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.02.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 188/770 Gjervik ytre

**Tiltak:** Innglassing av altanar  
**Byggjestad:** Gbnr: 188/770  
**Tiltakshavar:** Edgar Jon Vågenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.12.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Vi forstår av søknaden at det er eit ønske å kunne glassa inn alle altanane i sameiget på sikt, men at det berre vert søkt om innglassing for 3 seksjonar i første omgang, dvs. seksjon 32, 36 og 37.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden.

Av innsend dokumentasjon og teikningar i kommunen sitt arkiv, ser vi at nokre altanar er overbygd og nokre ikkje. Innglassing av overbygde altanar vert å rekna som ei fasadeendring, medan innglassing av ikkje overbygde altanar vil måtte skje ved oppføring av tilbygg. Etablering av nye tilbygg vil endra utnyttingsgrada for egedomen som er gitt ved % BRA (bruksareal). Planen opnar for ei utnytting på inntil 128 % BRA. Ved overskriding av utnyttingsgrad vil det måtte søkjast om dispensasjon.

Innglassing slik det er søkt om vil verta behandla som fasadeendring. Før vi tar søknaden til behandling ber vi om at det vert send inn fasadeteikning som viser innglassing av dei aktuelle bygga. På denne måten får vi sikra ei felles utforming av innglassinga for alle seksjonane og vurdert tiltaket i sin heilskap. Fasadeteikninga vil verta lagt til grunn for behandling av alle søknadar om innglassing/oppføring av tilbygg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.04.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Kjell Egil Mjelstad	Langheiane 39	5914	ISDALSTØ
---------------------	---------------	------	----------

### **Mottakarar:**

Edgar Jon Vågenes	Langheiane 41	5914	ISDALSTØ
Kjell Egil Mjelstad	Langheiane 39	5914	ISDALSTØ
Olav Trygve Kristiansen	Langheiane 55	5914	ISDALSTØ